



Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skolemiljøutvalet for Myking skule.

	Medlem Samarbeidsutvalet.	Vara medlem (møter berre etter nærmere avtale).
x	Leiar Selma V. Tofting	Terje Vetås
x	Nestleiar Trine P. Hodneland	Ida Marie Kutchker
x	Bjørg Myrmel	Janne Kari
x	Reidunn	Bodil
	Kjell Fagna	Jan-Erik Hope
	Herborg Osmundsen	Nina Hodneland
x	Nils Kvalvågnes	
	Elevrådet:	
x	Ingrid Holsen	
x	Tuva R Matre	
	Medlem Skalemiljøutvalet	
	Edmund Nyheim - FAU	Geir Vidar Matre
	Kevin Hølleland- Elevrådet	

X=til stades

Referat frå felles møte for Samarbeidsutvalet og Skalemiljøutvalet ved Myking skule.

Torsdag 30 . januar kl. 18.00 - kl. rom 1

Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skalemiljøutvalet sitt interesseområde kollar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala .

SAKER

1. Meldingar/referatsaker.

Referat frå elevrådsmøtet 23.01.14:

- Morgonsamlingane: Elevrådet sette opp oversikt over dei programansvarlege og kva klassar som ryddar.
- Kakesalet gav kr 4863 som er oversendt SOS Barnebyer. Flott resultat.
- Elevrådet har vurdert plasseringsalternativ for ny leikehytte. Fleire alternativ kan vera mulige. Nickolai og Kevin undersøkjer prisar og modellar på sparkesyklar.
- Elevrådet har gått gjennom framlegg til nytt reglement for elevpermisjonar og gjennomgått ordensreglane m.a. at dei også gjeld på skulevegen/skulebussen.

Postadresser 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
-----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

- Skuleruta for komande skuleår vart gjennomgått. Skulestart for elevane vert 14. august.
- Leik i friminutta: Elevrådet ønskjer at kontaktlærarane snakkar med elevane om at roller må gå på omgang.
- Karnevalet 18. febr. Elevrådet sender invitasjonar og stiller med programvertar. Sjå elles eige referat .

Referat frå FAU-møte 27. januar.

- Høyring retningsliner for elevpermisjonar. FAU hadde nokre merknadar som vart sendt over til SU/SKMU. Sjå seinare sak i dette referatet.
- Karneval 18: Opplegg og samarbeidsoppgåver for karnevalet vart gjennomgått. Nye førsteklassingar vert også inviterte.
- Kløve skule v/ FAU har invitert til spleiselag for felles foredrag med Barnevakten. FAU vil heller prioritera å bruka dei 2000 kr dette kostar på eit oppfølgingsforedrag v/Jan Spurkeland.

Orienteringar frå rektor:

Skuleruta 2014/15 m/forskrift.

- Skuleruta for neste skuleår ligg føre. Skulestart for elevane vert 14. august.

Ekstra skuledagar for 1. – 4. klasse komande skuleår.

- Skulen planlegg å ta inn den ekstra skuletimen for 1. 4. klasse ved å forlenga mandag frå 5 til 6 undervisningstimar. Elevane i 5.-7.- klasse får då ein «overtime» denne får dei all ved at onsdagar vert korta inn med ein time til 5 undervisningstimar og skulebussen går då frå skulen klokka 13.35.

Kulturskuletimen?

- Framleis usikker korleis kulturskuletimen vert organisert og når den startar. Ein lærar ved skulen kan vera aktuell, men kulturskulen har ikkje gjort nokon avtale enno.

Prosess for kommunalt omstillingsprogram.

- Kommunestyret har teke initiativ til ein gjennomgang av leiing og ressursbruk i kommunen. Formannskapet har vedteke rammer, organisering og framdriftsplan for arbeidet. Det er og utarbeidd framlegg til nye retningsliner for omstillingsprosessar i HMT-sustemet – sjå sak seinare i møtet.

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

Budsjett 2014.

- Skulen har motteke utkast til budsjettrammer for inneverande budsjettår. Desse er ikkje endelege.

2. Høyring Elevpermisjonar.

Rådmannen har utarbeidd framlegg til nytt reglement for elevpermisjonar. Høyringsbrev og framlegget ligg ved.

Rådmannen har utarbeidd framlegg til nytt reglement for elevpermisjonar.

Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Myking skule har følgjande merknader til framlegget:

Under vurdering av søknader står følgjande: "*I vurderinga om permisjon er forsvarleg er dette relevante moment: Eleven si faglege utvikling, skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida og eleven sin permisjonshistorikk og fråværshistorikk.*" Her ynskjer SU/SKMU at ein endrar formuleringa om eleven si faglege utvikling. SU/SKMU meiner at elevar som har faglege utfordringar på skulen også kan ha behov for permisjon frå grunnskuleopplæringa.

Vidare står det:

"I Lindås skal dei ikke gjevast permisjon i periodar med førebuing og gjennomføring av: Obligatoriske statlege kartleggingar, nasjonale prøvar og munnleg og skriftleg eksamen."

SU/SKMU ønskjer at ein tek bort punkta om obligatoriske statlege kartleggingar og nasjonale prøver. SU/SKMU meiner denne form for innlæring ikkje er viktigare enn anna form for innlæring ved skulen, og kan ikkje vera grunnlag for å ikkje å gje eleven permisjon.

Under punktet lengda på permisjon står følgjande: "*To veker er to veker uavhengig av kor mange av dagane som er skuledagar*"

Her meiner SU/SKMU at lengda på permisjonen må presiserast. Tidlegare i same dokumentet står det nemleg 3-10 dager. I veker med einskilde fridagar kan 10 skuledagar vere meir enn to veker.

Under sakshandsaming står følgjande: "*Ved avslag på permisjon skal dette grunngjevast med kvifor fråværet ikkje vert rekna som forsvarleg, eller kvifor fråværet ikkje kan innvilgast sjølv om det kan reknast som forsvarleg.*" Ei slik formulering vil vera uforståeleg for dei fleste.

SU/SKMU stiller spørsmål til om kommunen kan overprøva opplæringslova som seier at kommunen kan gje permisjon dersom det er forsvarleg. SU/SKMU ynskjer difor at ein tek bort siste del av setninga om at det skal grunngjevast kvifor fråværet ikkje kan innvilgast sjølv om det kan reknast som forsvarleg.

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

3. Høyring omstillingssrutinar i HMT-systemet.

Høyring vedk. ny rutine for omstilling/ omorganisering.

Arbeidstilsynet har gitt kommunen pålegg om å utarbeide ein meir fyldig rutine for omstilling/ omorganisering enn den som i dag er i HMT-systemet vårt.

Arbeidstilsynet har gitt kommunen pålegg om å utarbeide ein meir fyldig rutine for omstilling/ omorganisering enn den som i dag er i HMT-systemet vårt.

HMT-rådgjevar, hovudverneombodet og leiar (til 31.12.13) av AMU har laga eit framlegg til rutine, som er lagt fram for HMT-gruppa (møte 13.01.14).

VEDTAK I SU/SKMU:

SU/SKMU ved Myking skule ser positivt på at retningslinene for omstillings/omorganiseringsarbeid er sendt ut i organisasjonen til høyring.

Dersom omstillings/omorganiseringsarbeid vert organisert og gjennomført t tråd med framlegget vil dette vera eit stort framsteg frå tidlegare.

SU/SKMU sluttar seg difor til framlegget utan ytterlegare merknadar.

4. Evt.

Høyring - "Ein grunnskule i utvikling" - Strategisk plan 2014-2018

Rådmannen ber skulane vurdere framlegget. Innspel kan sendast til postmottak@lindas.kommune.no
Frist for innspel: 21.februar 2014

SU/SKMU drøfta framlegget og har følgjande merknadar:

- Manglande sidetal gjorde dokumentet vanskeleg å jobba med.
- Dette er «Skuleeigar sin plan og skal vedtakast av kommunenivå». Den må difor ikke vera så detaljert at skulane misser handlingsrom dei er tiltenkt nasjonalt. Viktig å synleggjera at det er rektor som skal leia opplæringa på den enkelte skule og at dette skal skje gjennom samarbeid med skulen sine råd og utval.
- Nivået over skulane er for utsøydeleg og byråkratisk. Linja frå heimane til skuleeigar er for lang og kronglete å forhalda seg til, og fører til ansvarsfråskriving i alle ledd: Linja frå heimane er no: skule-kontaktlærar- rektor-einingsleiar-fagsjefskule-rådmann-levekårskomite, kommunestyre). Me ønskjer oss eit skulekontor med ein skulesjef tilbake. Målsetjinga om «tettare på» (framlegget siste setn. s 4) har i praksis blitt til «lengre frå».

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

- Tenestenivået, - dvs. skulen er viktigast for elevar og foreldre. Mest mogleg av ressursane må difor brukast innanfor skulane. Kommunenivået har fått mange fleire sjefar utan at dette har gjor skulen betre. Tvert i mot har dette gått ut over kvaliteten på undervisninga for di skulane har måtta betala for tre nye einingsleiarar.
- Kommunen må oppmuntra til vurderingssystem som gjev alle elevar god respons på eigen innsats. Primitive vurderingssystem som t.d. nasjonale prøvar og nasjonale kartleggingar gjer ikkje det. I tillegg er nasjonale kartleggingar meint å avdekka elevar som kan få vanskar i faget. Dersom det vert «suksessfaktor» å finna færrest mogleg med lærevanskar så vert desse kartleggingane brukt mot si hensikt.

Myking skule 31.01.2013

Nils Kvalvågnes
Ref.

Kopi: Einingsleiar

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--